



Sigurd Myklebust informerer kunde Jan Ove Eide frå Halsnøy om viktige tryggleiksdetaljar.

74 år gamle Sigurd Myklebust lever ingen roleg pensjonisttilværelse. Gjennom firmaet sitt Kvinnherad Auto har han travle arbeidsdagar. Det er stor aktivitet når det gjeld bilberging og bilutleige, og i tillegg sel han så mykje Tysse-tilhengarar at det er vanskeleg å støtte etterspurnaden. Fredag kom eit nytt trailerlass med hengarar.

Då uskedalen.no var innom laurdag føremiddag var oppstillingsplassen fylt med 9 nye båttilhengarar og 7 vanlege biltilhengarar av ulik storleik. Sigurd kunne fortelja at mykje av det allereie er bestilt. I tillegg ventar han 3 svære båttilhengarar i veke 39, og alle dei er selt.

- Etterspørselen er så stor, at Tysse-fabrikken har si stive hyre med å produsere nok, kan Sigurd fortelje i det einkunde frå Halsnøy svingar ned på plassen for å hente båthengaren han har kjøpt.

Firmaet har til no i år passert 40 selde tilhengarar, medan årsrekorden er 70.

Kvinnherad Auto er som kjent meir enn sal av tilhengarar. Bilbergingsbilen til firmaet ser vi stadig på farten, men vi lurar på korleis det er med bilutleige.

- Eg har 10 bilar. Det går så det susar det og. Dei er ute heile tida, kan Sigurd fortelja og eg skjønar kvifor eg sjeldan ser leigebilar utanfor kontorlokala hans.

Det er eit imponerende tempo på 74-åringen, men det er slike travle dagar Sigurd Myklebust trivest med.



Det er tett med nyankomne tilhengerar på oppstillingsplassen. Tekst,

foto og nett: Thor Inge Døssland.